

Saksprotokoll 08.06.2020 - fylkesutvalet

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget meiner framtidig inntaksmodell i Vestland fylkeskommune skal bygge på følgjande prinsipp:

- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
- Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
- Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærmere heimstaden til eleven.
- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogleg. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.

2. Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa, og ny inntaksmodell skal komme til politisk behandling. Rådmannen bes spesielt sjá til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket. Saksordførar skal følge saka vidare.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegner av H, Frp og FNB fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøyting til utsetjing

Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, FNB) og fall.

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune vil føre videre fritt skolevalg i for Vestland fylkeskommune.
2. Søker står fritt til å søke i hele Vestland fylkeskommune.»

Avrøyting

Søviknes sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Gadolin sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget meiner framtidig inntaksmodell i Vestland fylkeskommune skal bygge på følgjande prinsipp:

- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
- Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
- Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
- Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærmere heimstaden til eleven.
- Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogleg. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere

vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogleg rett til oppflytting.

2. Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa, og ny inntaksmodell skal komme til politisk behandling. Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket. Saksordførar skal følge saka vidare.